


BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN
MAI 2021**

**KOMMUNEHUSET:**

Tlf 51 20 11 00
Månd.-fredag kl 08.00-15.00
www.bjerkreim.kommune.no

BIBLIOTEKET:

Tlf. 51 45 93 20
biblioteket@bjerkreim.kommune.no
Måndag 15.00 – 19.00
Tysdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)
Onsdag 14.00 – 18.00 (tidl. 15-19)
Torsdag 12.00 – 15.30
Fredag 12.00 – 15.30

DIM-RENOVASJON:

Returpant glass/hermetikk finn du ved kommunehuset. Mottak av avfall frå hushaldningar og landbruk på Vikesdalsmoen gjenvinningsstasjon kvar onsdag kl 11-18. Dersom onsdag er heilagdag eller dag før heilagdag er det stengd. Produksjonsavfall må leverast på Svåheia.

FORSIDEFOTO:

Lemming på Fuglestad,
foto Annette O. Nedrebo

NESTE NUMMER:

Stoff til neste Bjerkreimsnytt må vere inne før tirsdag 18. mai kl. 24.00. Bladet kjem ut seinast fredag 28. mai. Skriv kort! Om du vil sende bilete, legg dette i eiga fil. Innsendt stoff kan bli redigert. Send til postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ferdig blad kan lastast ned frå heimesida til kommunen.

UTGJEVAR:

Bjerkreim kommune

KONTAKTPERSON:

Ingunn Ognedal

TRYKKING:

Jærprint

ANSVARLEG:

Kulturkontoret

GRAFISK FORMGIVING:

Elisabeth Vikeså

ORDFØRAREN SITT HJØRNE



HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

Nå kom godvêret. Endeleg vil nokon seia. Eg er nok ein av dei som trivst best med litt varme rundt øyrene. Spesielt kjekt er det når dyra begynner å visa igjen på graskledde beite i heile kommunen.

Det har rulla ein debatt om kor vidt Bjerkreimsheiane skal bli Nasjonalpark. Eg er i alle fall ein av dei som er glad for at Miljødirektoratet lyttar til grunneigarar, kommune og politikarar i denne saka og vel å ikkje lage nasjonalpark av planane. Aktivt landbruk er den beste måten å ta vare på naturen på. Med eit aktivt beitehald som held naturen open. Det er ikkje utan grunn at naturen er så fin i Bjerkreim. Det handlar om at grunneigarar er til stade for å pleie både skog, utmark, innmark mm. Takk for jobben de alle gjer for å vere med å leggje til rette for gode naturopplevingar for folk flest.

Når eg først er innom folk flest, så vil eg kome med ei oppfordring til alle som brukar naturen i Bjerkreim. Spel på lag med grunneigarar, parkeringsplassar kan bli overfylte nå som alle skal ut på tur. Ikkje set bilen i vegen for bonden sitt arbeid. Det blir bare misnøye av slikt. Og hugs – plukk med deg søppelet ditt. Så får du heilt sikkert kome tilbake.

Elles vil eg få gratulere Svein Oskar Wigestrøm med ny rolle, han blir den nye daglege leiaren for Bjerkreimsmarken. Eg vil ønskje han lykke til i rolla, det blir utfordrande nok med Covid-19 som ennå heng over oss.

Nå har vi hatt lansering av den nye Destinasjon Bjerkreim-portalen. Ta kontakt med Næringshagen eller oss på kommunehuset om det er noko du lurar på i samband med dette. Det er muligheter her i Bjerkreim.

Båtrampen er nå klar på Odlandstø for dei som har båt og vil bruke Ørdsalsvatnet. Bruk vest, hode og sunn fornuft. Og kos dykk på Ørdsalsvatnet. Kjekt at dette nå endeleg er på plass.

Så gler vi oss til 17. mai, det blir enda eit år med ein spesiell variant. Vi prøver å gjere det beste ut av situasjonen. Veldig kjekt om det blir liv i løypa som bilkortesjen kjører. På med finstasen, ut i naturen, opp på ein fjelltopp, fram med flagget; nasjonaldagen skal feirast.

«Kom mai, du skjønne, milde».

Vennleg helsing, Kjetil

SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – ÅRENE

Ny digitalisert video er nå lagt ut på kommunens hjemmeside. Du finner den under Kultur – digitaliserte videoer: Bygging av bedehus på Bjerkreim

KULTURMIDLAR 2021

Søknadsfrist 15. mai.
Lag og organisasjonar i Bjerkreim kan søkje om kulturmidlar frå kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligg på heimesida vår: www.bjerkreim.kommune.no under skjema, kultur og fritid. NB! Hugs å sende med årsmelding og rekneskap for 2020.

VIKESÅ TAXI
51 45 19 00



POLITISKE MØTE MAI

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:
www.bjerkreim.kommune.no

Kommunestyre:

Tysdag 4. kl. 19.00

Gruppemøter:

Tysdag 18. kl. 19.00

Formannskap/administrasjonsutv.:

Onsdag 19. kl. 13.00



VIL DU VERA VALMEDARBEIDAR?

Stortingsvalet blir måndag 13. september 2021, og det må planleggjast utfrå ein ev. smittesituasjon.

Det vil bli behov for fleire medarbeidarar, og reserve som kan stilla på kort varsel ved ev. sjukdom (utanom det lovpålagte stemmestyret).

Vi ønskjer at interesserte innbyggjarar i kommunen (over 18 år) melder seg til dette.

Det er to valkrinsar i kommunen (Bjerkreim og Vikeså). Bjerkreim krins brukar Bjerkreim bedehus som vallokale. Vikeså krins brukar kommunehuset som vallokale. Eit stemmestyre i kvar krins, har ansvaret for gjennomføringa av valet på valdagen.

Valstyret har ansvaret for opptellinga av stemmesetlane på kvelden, men det er ønskjeleg å ha eit eige tellekorps til det praktiske arbeidet med tellinga, frå kl. 21.30. Vi har manuell telling i Bjerkreim.

Det blir sett opp ein vakt-/skiftplan for heile valdagen, også for reservene. Det vil bli gitt opplæring til alle, og godtgjersle til dei som må ta vakter og ev. tapt arbeidsforteneste (jf. lokal forskrift om godtgjøring til folkevalgte i Bjerkreim kommune).

Det blir behov for:

- Valmedarbeidarar som kan vera vakter/styra kø, ev. anna arbeid på Vikeså og Bjerkreim
- Reserve valmedarbeidarar som kan stilla på kort varsel på valdagen på Vikeså og Bjerkreim
- Medlemmer til tellekorps som kan telja manuelt på kvelden

Meld di interesse på tlf. 51 20 11 00 eller postmottak@bjerkreim.kommune.no. Ta også kontakt om du har spørsmål om dette.

KOMMUNEPLANENS SAMFUNNSDEL

Kommunens innbyggere inviteres til å være med på medvirkningsprosesser i forbindelse med revisjon av kommuneplanens samfunnsdel.

Bjerkreim kommune har et sterkt ønske om at innbyggerne skal være med i de medvirkningsformene som er planlagt. Innbyggernes påvirkning på kommunens langsiktige utvikling er avgjørende for å skape et lokalsamfunn som er fremtidsrettet, innovativt og som vi alle kan være stolte av.

Medvirkningsprosessene vil deles inn i 3 deler.

- a. Gjestebed
- b. Åpne kontordager på kommunehuset
- c. Digitale temaspesifikke folkemøter

Det er gjestebed som er først ute og vi håper flest mulig vil melde seg på til dette. Mer informasjon ligger ute på kommunens hjemmeside.

Informasjon om temaet og skjema for tilbakemelding vil bli sendt ut når du er påmeldt.

Sammen kan vi bygge en enda bedre fremtid!

INFORMASJON OM 17. MAIFEIRING I BJERKREIM 2021

På grunn av fortsatte restriksjoner rundt smittevern ved korona – pandemien, vil 17. maifeiring i Bjerkreim i år måtte ha samme form som i 2020; barnetoget byttes ut med et bil – tog, og sceneshow blir vist som «drive – in» bak Bjerkreimshallen. Ikke alle detaljer rundt dette er klarlagt ennå. Det vil derfor bli sendt ut et eget informasjonsark om årets 17. maifeiring til alle innbyggere mellom 10. og 12. mai. Dette vil inneholde nøyaktige klokkeslett for aktivitetene, info om parkering osv, smittevernregler, og annen nødvendig informasjon. Det vil også stå hvordan man finner livestream av arrangementet, for de som velger å se feiringen hjemmefra.

Foreløpig program for dagen:

08.00 Flaggheising med musikkinnslag utenfor Bjerkreim Omsorgssenter

09.30 Gudstjeneste fra Bjerkreim kirke

11.00 Biltog fra Bjerkreimshallen,

forbi Bjerkreim Omsorgssenter,

opp igjen gjennom Vikeså og til

Ivesdal, over Ivesdal og Asheim til

Skjæveland, til Vikeså og tilbake til

Bjerkreimshallen

Ca 12.00 «Drive – in» sceneprogram bak Bjerkreimshallen. Taler for dagen, musikkinnslag mm. Alle får gratis kaffe og is inn i bilene

Ca 13.00 Slutt



DIGITAL 8. MAI FEIRING

Digitalt 8. mai arrangement – avduking av nye krigsminnetavler i Gloppedalsura

Bjerkreim og Gjesdal kommuner har samarbeidet om nye informasjonstavler i Gloppedalsura, til minne om kampene som utspilte seg her under andre verdenskrig. Tavlene skal avdukes 8. mai kl 10.00. Av smittevern hensyn blir dette et lukket arrangement kun for spesielt inviterte. Det vil bli filmet fra arrangementet, og opptak blir lagt ut ca kl 18.00 samme kveld på Bjerkreim kommune sin Facebook – side for de som har lyst til å se.



SANG FOR MAI

KOM, MAI, DU SKJØNNE, MILDE

Norsk tekst: Christian Adolph Overbeck Melodi: W.A. Mozart

Kom, mai, du skjønne, milde, gjør skogen atter grønn,
og la ved bekk og kilde fiolen blomstre skjønn !
Hvor ville jeg dog gjerne at jeg igjen deg så !
Akk, kjære mai, hvor gjerne gad jeg i marken gå !

Om vint'ren kan man have så mangt et tidsfordriv;
man kan i sneen trave - å ja, et lystig liv !
Men når seg lerken svinger mot sky med liflig slag,
på engen om å springe - det er en annen sak !

Kom derfor, mai, du milde, gjør skogen atter grønn
og la ved bekk og kilde fiolen blomstre skjønn !
Hvor ville jeg dog gjerne at jeg igjen deg så !
akk, kjære mai, hvor gjerne gad jeg i marken gå !



PÅ TOPP I DALANE

For 17. år utfordrer vi alle til å være aktive ute i Dalanes flotte natur. På topp i Dalane byr på alt du måtte ønske av turutfordringer. I år blir det 20 turer, med sju nye turmål. Alle turene er beskrevet på friluftsrådets TellTur sider. Det blir ikke fysisk folder i år. Det vil lagt ut et kart med oversikt over turene på nett. Dette er mulig å skrive ut.

Registrering blir kun på nett. Telltur.no og bruk av appen Norgeskart Friluftsliv-telltur.

Alle turene blir beskrevet i Telltur og vi lager ett kart med oversikt over alle turene, kartet kan brukes som klippekort for manuell registrering. (Kan hentes/leverest på kommunehuset).

Vi ønsker at flest mulig skal få mange flotte turer og gode turminner fra årets toptur tilbud!



PREMIERING

Det vil bli trukket premier etter følgende kriterier:

- En blant de som har vært på alle turene
- En i aldersgruppa 13 til 19 år
- Fem i aldersgruppa 0 til 12 år

For påmelding til På topp i Dalane 2021:

På vår side på TellTur under Temakonkurranser, velg På topp i Dalane 2021 og velg Meld på.

Registrering av turer:

Aller først må du registrere en bruker inne på www.telltur.no. Registrer så TellTurene dine via appen "Norgeskart friluftsliv". Se veiledning for registrering av turene på <https://www.telltur.no/omtelltur#tellturapp>

TellTur-delen av appen er gratis i 2021, på grunn av Covid19-pandemien. For å få gratis tilgang til bruk av appen, må du

følge oppskriften på siden med informasjon om registrering og bruk av appen. Skroll ned til avsnittet som heter "Bruk mobilappen Norgeskart friluftsliv" for oppskrift for nedlastning.

Når du ankommer turmålet, skrur du på mobildata på din telefon. Enten vil du få opp en melding om å sjekke inn på turmålet, eller du kan gjøre det manuelt, se veiledningen.

ONSDAGSKLUBBEN 3G

Godt humør, godt kledd, godt miljø!
Onsdag 5. mai:
Rundt Hammaren på Birkeland
Avreise fra ESSO
Vikeså kl 10.00



Arr. Fellesrådet for eldre og funksjonshemma

INTERNASJONAL KVINNEGRUPPE

Vi samles til uformelle treff på lærerrommet på Vikeså småskule, kl. 18.30 til kl. 20.30. Datoene blir onsdagene; 12. mai og 9. juni.

BJERKREIM BEDEHUS MAI 2021

Følg med på nettsida; www.bjerkreimbedehus.no. Dette blir arrangert dersom Koronasituasjonen tillet det:

- 7. Fredagstreff på tur (sjå nettside)
Medlemmene får info på sms
- 8. kl. 19.30 BKU, i kjellaren
- 9. kl. 11.00 Endelig søndag, NLM
- 10. kl. 19.30 Yngres
- 18. kl. 19.30 Logos på Vikeså misjonshus
- 28. kl. 19.00 Gutte- og jentelagsbasar
- 30. kl. 14.30-15.30 Drive-in-basar utanfor bedehuset (arr. Rogaland Imf)

VIKESÅ MISJONSHUS MAI 2021

- 01. kl 19.30 BKU
- 05. kl 20.00 Bønnesamvær
- 07. kl 20.00 Fredagsklubben avslutningstur ute
- 10. kl 19.30 Yngres avslutning
- 12. kl 14.00 Bingo
- 12. kl 19.30 Samtalemøte
- 18. kl 19.30 Bibeltime NLM
- 22. kl 19.30 BKU

Foreløpig ikkje planlagt nokon 17. maifest på Misjonshuset pgr av korona

All verksemd vert etter koronareglane.

Nasjonalforeningen
for folkehelsen



BINGO

Onsdag 12. mai kl 14.00 i Peisestova på Vikeså Misjonshus. Dette blir arrangert om det ikkje kjem nye restriksjoner.

Arr. Bjerkreim helselag

DUKAR

Helselaget leiger ut kvite dukar. Kontakt Ingbjørg Vassbø, tlf. 51 45 22 37/486 03 535



VELKOMMEN TIL PLANLAGDE GUDTENESTER

(endringar kan koma på kort varsel, sjå Dalane Tidende fredagar eller Bjerkreimkyrkja.no for oppdatert informasjon)

Sundag 2 mai kl. 11.00.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 9. mai

IKKJE gudsteneste i soknet

Laurdag 15. mai kl. 19.30.

Ungdomsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje (muleg video opptak)

Sundag 16. mai kl. 11.00.

Gudsteneste i Ivesdal kyrkje

Mandag 17. mai kl. 09.30.

Familiegudsteneste i Bjerkreim kyrkje. Strømmes på nett.

Pinsedag,

sundag 23. mai kl. 11.00.

Høgtidsgudsteneste i Bjerkreim kyrkje

Sundag 30. mai kl. 11.00.

Gudsteneste i Bjerkreim kyrkje

DØYPTE

28.03.21 Emma Molaug

11.04.21 Mikael Myksvoll

DØDE

16.03.21 Viljen Bjerkreim

19.03.21 Einar Bjerkreim

22.03.21 Tonette Kristine Brattebø

18.04.21 Irene Agate Malmei

MUSIKKGUDSTENESTE/ SALMEKVELD

Velkommen til Ivesdal kyrkje onsdag 9. juni klokka 19.30.

Kort gudsteneste. Me syng songar og salmar – vår- og sommarsongar og songar av Trygve Bjerkheim frå boka Himmelbru.

Sauene kjenner røysta til hyrden

Den 18. april hadde eg gudsteneste på Vikeså Misjonshus. Teksta frå Joh 10, 1-10 handlar om sauer som kjenner røysta til hyrden og difor følgjer han. Undervegs i forberedinga til preika kom eg over ein liten forteljing. Eg brukte den ikkje i preika på Misjonshuset, men tenkte å dela den med dykk her:

Det var ein turist som var på tur i Midt-austen. Han kom til ein plass der tre gjetarar hadde med seg flokkane til ei vannkjelde. Sauene blanda seg og drakk alle som en.

Etter kvart ropar ein av gjetarane: «kom så sauene mine» og som med eit trylleslag slutta sauene hans å drikke og dro av stad med han. Ikkje lenger gjorde den neste gjetaren det same. Han ropte, og om lag halvparten av sauene som var der kom. Ingen av gjetarane trengte ei gong å telja dei. Dei var visse på at det var deira sauer og berre dei som hadde høyrte og fulgt dei.

Turisten spurde den siste gjetaren og han kunne låne turbanen og gjetarstaven. Og så prøvde han å ropa: «komma komma sauene mine,» men ikkje ein einaste sau rørte på seg. Dei kjente ikkje stemmen til den framande. «Følgjer dei aldri nokon andre enn akkurat deg?» spurde turisten. Gjetaren svara: «Nei. Eller vent, jo, det hendar jo at ein sau blir sjuk. Og då vil dei fylgja kven som helst.»

Eg veit ikkje om det er sånn med sauene i Bjerkreim. Kanskje nokon kan fortelje meg det? Men som forteljinga står, er det ein grei nok beskriving og utbrodering av deler av likninga Jesus fortel i Joh 10, 1-10. Ja, ja.

mvh Leif prest

KONFIRMASJON UTSETT TIL HAUSTEN 2021:

Laurdag 18.09.

Bjerkreim kyrkje kl. 10.00. og

Ivesdal kyrkje laurdag kl. 12.00.

Laurdag 02.10.

Bjerkreim kyrkje kl. 10.00. og

kl. 12.00.

FEST PÅ SLOTTET

Laurdag 8.mai blir det duka for «Fest på Slottet» (Bjerkreim Kyrkje) for barn født 2015 kl. 10.00, og barn født 2016 kl. 13.00.

Kle deg gjerne som riddar eller prinsesse, eller noko anna om du har lyst. Kanskje kjem Trappetrollet? Invitasjonar blir sende etter kyrkjens register, men alle barn i dei to aldersgruppene er velkomne. OBS: Påmelding på denne lenka innan 4. mai <https://tinyurl.com/festpaaslottet21>

TRAFIKALT GRUNNKURS

Første samling blir den 25. mai kl. 14.30 på misjonshuset. Vi har fremdeles nokre ledige plasser. Påmelding til post@bjerkreimkyrkja.no. Husk namn, fødselsdato og telefonnummer.

SALMEKONKURRANSE

Bjerkreimssalmen 2021
Vi vil invitere deg til å levere ditt bidrag til en ny salme! Ta utgangspunkt i f.eks. Bjerkreims flotte natur, Guds skaperverk eller Guds trofasthet i en vanskelig tid. Tekst og melodi kan sendes til post@bjerkreimkyrkja.no
Frist: 1. juni 2021

VÅRSONGAR OG -SALMER

Fredag 14. mai kl. 11.00 blir det lagt ut digital sending med Ola Birkeland og Magnar Edland på www.bjerkreimkyrkja.no. Velkommen til å sjå sendinga når det passar deg.

COVID19-MIDLAR

Bjerkreim kommune fekk i fjor sommar tildelt 746.782 kr av dei 32,2 millionane Rogaland fylkes-kommune fekk etter vedtak i Stortinget, for utdeling til sine kommunar. Målet var at midlane skulle brukast til bedriftsretta støtte og andre næringsretta tiltak, som kommunane meinte var viktig for å kunna motverka negative konsekvensar av koronaviruset. Midlane skulle stimulera til ulike tiltak som fremja auka aktivitet, sysselsetjing og verdiskaping ut frå lokale utfordringar, behov og potensial. Det har vorte annonsert 2 søknadsfristar for tildeling av desse midlane; 1. oktober og 1. februar. Politkarane i LMT-utvalet tildelte i sine møte den 21.10.20 og 24.03.21 tilskot til 10 firma fordelt på 12 ulike prosjekt. Tabellen viser kor mykje tilskot som vart gitt til dei ulike prosjekta. Dei fleste firma har no gjennomført eller er godt i gang med prosjekta.

FIRMA	TYPE INVESTERING	TILSKOT
Bjerkreim Næringshage	Nettside for reiselivet i Bjerkreim	60 000
Bjerkreim Næringshage	Destinasjon BjerkreimWorkshop	76 782
Covent	Produktutvikling røykventilasjon	70 000
Gitar og Handverk	Utbetring av lokale for heilårstilbod	30 000
Magma Geopark	UNESCO 2030	30 000
Nyyt	Skjæremaskin kjøtt	70 000
Stavtjørn Alpin	Heiskrokar og bakkeplanering	125 000
Stavtjørn Alpin	Heiskrokar	45 000
Søstra til Morten	Kjøledører, spotlys	20 000
Veen gards-camping	Sanitæranlegget	80 000
Vikeså Glassindustri	Maskin for nytt nisjeprodukt	70 000
Vikeså Trevarefabrikk	Teknologiløft, maskinfornyng	70 000
SUM		746 782

6 firma fekk avslag på sine søknader til 9 ulike prosjekt, då LMT-utvalet vurderte sakene til enten å ikkje tilfredsstilla kriteria for tildeling, eller ikkje gav den tiltenkte effekten.

NYE KORONA-MIDLAR TIL FORDELING TIL LOKALE VERKSEMDER

Stortinget har løyvt meir midlar; 1,75 mrd kr, og det er oppretta ei ny tilskotsordning: Kommunal kompensasjonsordning til lokale virksomheter. Kommunal- og moderniseringsdepartementet har fordelt midlane i to omgangar, og Bjerkreim kommune har samla fått eit tilskot på 506.082 kr. Midlane vart fordelte etter fleire kriterie bl.a. ut frå arbeids-ledigheit, omfanget av forsterka smitteverntiltak, tiltak med redusert varehandel og antal tilsette i overnattings- og serveringsbransjen. Minstebeløpet til kommunane var samla på 500.000 kr, så Bjerkreim har forholdsvis fått mykje pengar.

Målet med tilskotet er at kommunane betre skal kunna avhjelpa situasjonen for lokale verksemdar som er særleg hardt ramma av lokale eller nasjonale smitteverntiltak som følgje av koronapandemien.

Dette gjeld særleg støtte som kompenserer for kostnader eller tap som følgje av smitteverntiltak og nedstenging, støtte til verksemdar innafor reiselivs-, overnattings-, arrangements- og serveringsnæringer. Ordninga skal også fungera som ei kommunal ventilordning, for å kompensera lokale verksemdar som har falt heilt eller delvis utafør dei generelle tilskotsordningane. Kommunane har stor fridom til å tilpassa kva slags verksemdar dei kan støtta – avhengig av den lokale situasjonen.

LMT-utvalet skal fordela desse 506.082 kr i juni-møtet, etter kriterier som dei skal vedta i sitt møte den 28. april. I LMT-utvalet den 24. mars gav dei tydeleg signal om at første prioritet vil vera firma som ikkje har fått/fått lite tilskot frå andre kompensasjons-/koronaordningar. Elles tilrår rådmannen at ein bør prioritera næringer innafor reiseliv, overnatting, serveringsstader og kulturarrangement. Men målet er å fanga opp dei som har tapt mest, uansett type næring.

Tilskotsordninga med kriteria vil verta annonsert på kommunen si heimeside og på facebook seinast 30. april. Søknad må sendast i løpet av ca. 14 dagar etter annonsering, og det må søkjast elektronisk gjennom www.regionalforvaltning.no Søkjar må leggja ved dokumentasjon på auka kostnader eller tap/ redusert omsetning, som følgje av smitteverntiltak eller nedstenging.

INFORMASJON

Når du trenger **fotograf, innramming** eller hjelp til noe **forerelatert**...
Vi benytter alt fra **120 år gamle kamera** til dagens moderne **digitale løsninger**.



Han med hatten

..til hverdags og fest, fra 1851 til i dag

Følg oss på [Instagram](https://www.instagram.com/hanmedhatten) [Facebook](https://www.facebook.com/hanmedhatten) [hanmedhattenfoto](https://www.hanmedhatten.no)

Les av med mobilkamera Hanmedhatten.no | post@hanmedhatten.no | 900 20 955

PITTERGARDEN VIKESÅ

☎ 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk

Lokaler med særpreg:

Årsmålsdager, events, konserter.

Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn

Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarberg.no. Tlf 481 81 804



Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450
www.gitaroghandverk.no

ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså
Tlf 924 69 775/ 4000 3150
solberg@advokat1.com, www.advokat1.com

Bjerkreim
legekontor
51 20 43 30

www.bjerkreimlegekontor.no

Vask hendene
og ta vare
på kvarandre!



EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04

VELKOMMEN TIL KLINIKKEN PÅ NYTORGET 3!

Heste- og stordyrpraksis Tore Malmei 900 59 222
Kontortid: 08.00 - 09.30

Dyrlege Marit Brevik, Vikeså
Spesialistkompetanse på tannsykdommer
hund og katt

Timebestilling 95141920



Kiropraktisk behandling av dyr
Kastrering og sterilisering
Kirurgi
Digital røntgen
ID-merking
Vaksinering
Tannbehandling

Vikeså veterinærkontor

Vakt telefon alle dyr • Tlf. 51 45 21 65

ÅPENT TIL KL 22.00 HVER DAG



VIKESÅ
VEISERVICE AS

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekort m.m.

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

VELKOMMEN INNOM!